



Fritidsbustadundersøking

Tokke kommune 2023



Innhaldsliste

Oppsummering

1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

2. Om respondentane

2.1 Respons

2.2 Demografi

3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Tokke kommune heile året

4.2 Brukarar og bruksfrekvens

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden

6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Tokke kommune

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Tokke kommune?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevelingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

7. Tilrettelegging i fritidbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleveling av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleveling av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

8. Innkjøp i lokalsamfunnet

8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

9. Berekraft på reisemålet

9.1. Tokke kommune som berekraftig reisemål

9.2. Energisparing i fritidsbustaden

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

10. Den samla opplevinga av reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Tokke kommune som reisemål

Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Tokke kommune** sine haldningar og meininger om Tokke kommune som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

1. Deltaking og mangfald:

- Rapporten inkluderer svar frå 11% av alle eigalarar av fritidsbustader i Tokke kommune, basert på ei undersøking med 153 respondentar.
- Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgrupper, med 53,9% menn og 44,7% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 60-69 år (34,6%).
- Fritidsbustadeigarane på Skafsåheia står for størsteparten av svara.

2. Bruk og sesong:

- 80,4% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og sommaren er ei populær tid for bruk.
- Områda i Tokke kommune er godt tilrettelagde for sommar- og vinteraktivitetar.

3. Framtidig bruk:

- 69,9% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 26,8% planlegg å bruke den meir.
- 3,3% forventar å bruke den mindre.

4. Årsaker til å eige:

- Hovudgrunnen til å eige fritidsbustad i Tokke kommune er å vere i naturen (91-93%). Andre viktige faktorar inkluderer passande avstand frå heimen (67,6%) eller skianlegget (49,6%)
- 87,5% meiner at vandreturar på eiga hand er ei svært eller

ganske relevant årsak til å eige ei fritidsbustad i Tokke kommune.

5. Aktivitetar og tilrettelegging:

- 80,9% meiner det er *svært* viktig å vere i naturen
- Aktivitetar som langrenn (77,9%) og fiske (60,4%) er populært
- Mange er nøgde med tilrettelegging for avfallshandtering og sortering, breiband, og mobildekning, men andre aspekt som tilbod av lokalmat i butikkane og ladestasjonar for el-bil får meir varierte svar.

6. Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

- 41,9% meiner det ikkje er for mange fritidsbustader i Tokke kommune, medan 51,6% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.
- Majoriteten meiner at Tokke kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolking (84%).
- Interessa for å gjere energisparande tiltak er god (49%), med bruk av LED-pærer og redusert innatemperatur som dei mest populære tiltaka.
- 32,0% brukar elektrisk bil, men kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglande tilgjenge.

7. Oppleving av reisemålet:

- Mange er nøgde med opplevinga av Tokke kommune som reisemål. 92% gjev reisemålet poeng mellom 7-10, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.)



1. Bakgrunn og respons



Foto: Robert Lien Pettersen

1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustad i Tokke kommune.

Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023.

Tokke kommunen er, med sine 2201 innbyggjarar, den tredje minste i innbyggjartal av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke.

Totalt har 153 respondentar svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 1383 fritidsbustader i Tokke kommune.² Det vil seie at omlag 11% av fritidsinnbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga. 10% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Tokke kommune

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis.

Kommuneadministrasjonen var hjelpsam med oversikt over grunneigarar og utbyggjarar. Dei har igjen vore med å dele undersøkinga via nyheits- og informasjonsbrev. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i dei ulike fritidsbustadområda blei også i stor grad nytta.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisere seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for første gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ynskjer å arbeide systematisk og langsiktig

med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svare på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Tokke kommune og i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *giester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).


Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.

1.2 Introduksjon

Turismen knytt til fritidsbustader i Tokke kommune er ganske stor. Det er 0.63 fritidsbustader pr. innbyggjar i Tokke kommune.³

Kommunen har omkring 1383 fritidsbustader. Tokke kommune er ein av kommunane i Vest-Telemark som ikkje har hatt så stor auke i fritidsbustader dei siste ti åra. Med 7% endring av tal fritidsbustader frå 2012-2023 er Tokke den kommunen i Vest-Telemark med tredje minste endring i tal fritidsbygg dei siste 10 åra (sjå tabell 1).

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme knytt til fritidsbustader. Dette er ein rapport for Tokke kommune, kor fleirtalet av respondentar eig fritidsbustad i området Skafsaheia (69%).



Figur 1: Tal fritidsbustader på tal innbyggjarar or. Kommune (SSB)

	Innbyggjarar	Fritidsbustader		Endring i tal fritidsbustader frå 2012 til 2023	Fritidsbustader pr. innbyggjar
	2023	2012	2023		
Seljord	2961	1461	1457	-0,27 %	0,49
Kviteseid	2446	994	1306	31 %	0,53
Nissedal	1459	2117	2588	22 %	1,77
Fyresdal	1234	1327	1409	6 %	1,14
Tokke	2201	1288	1383	7 %	0,63
Vinje	3858	4343	5824	34 %	1,51
Sum	14159	11530	13967	21 %	0,98

Tabell 1: Utvikling i tal feriebustader pr. kommune i perioden 2012-2023 (SSB)

³ Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 kap. 4.4
Hytteturisme



2. Om respondentane



Foto: Robert Lien Pettersen

2.1 Respons

Totalt 153 personar opna undersøkinga. Av 1383 fritidsbustader i Tokke kommune utgjer dette 11% av alle eigarar av fritidsbustader i kommunen.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall⁴ på 95% får me ein feilmargin på 7%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 53% og 67% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.



⁴Les meir om konfidensintervall her: <https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

2.2 Demografi

Svara viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfold av respondentar:

Kjønn:


- 53,9% av respondentane er menn
- 44,7% er kvinner

Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 60-69 år. Dei utgjer ein del på 34,6%
- 24,2% er i aldersgruppa 50-59 år
- 17,6% i aldersgruppa 40-49 år

Bustad:

- 40,5% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 16,0% er frå Agder fylke
- 15,3% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 9,9% er frå tidlegare Akershus fylke
- 6,1% er frå Rogaland fylke
- 3,1% er frå tidlegare Buskerud fylke
- 3,1% er frå Oslo fylke
- 2,3% er frå tidlegare Østfold fylke




Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 131)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 153)



3. Om fritidsbustaden



3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.


Omlag 8% av alle svara som blei henta inn i Vest-Telemark kjem frå Tokke kommune. Respondentane som eig fritidbustad i Tokke har hovudsakeleg fritidbustad på Skafsåheia (105 respondentar). 9 respondentar svarer at har fritidbustad på Høydalsmo og 5 svarer Dalen.

33 svarer «Anna» og presiserer at dei har fritidbustad på følgjande stader:


- Hallbjønnsekken (10 stk.)
- Øyfjell, Sauli (6 stk.)
- Lårdal (5 stk.)

Eit par stykk svarer: Eidsborg, Froland og Åmdals Verk

Det blei sendt ut informasjon til forskjellige hyttevel og sameige av fritidbustader i Tokke kommunen, men flest svar blei henta inn ved hjelp av Facebook-grupper knytt til hyttevel og hytteområde. I Tokke kommune er Skafsåheia området med størst tal og tettleik av fritidbustader.



Figur 4: I kva for ein kommune i Vest-Telemark har du eller familien din fritidbustad? (N = 1949)



Figur 5: Kvar i Tokke kommune har du fritidbustad? (N = 152)




4. Bruk av fritidsbustaden



Foto: Eli Beck Fosskaug

4.1. Tokke kommune heile året




På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt svarer 80,4% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Tokke kommune har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svara viser at det er mange som nyttar fritidsbustaden på sommaren, juni til august, (16,3%), i påska (15,0%) og ofte langhelger (13,7%). Hausten, september til november og vinterferien (11,1%) er også tider på året der fritidsbustaden blir ein del nytta.

Figur 6: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (Fleirval) (N=153)

4.2 Brukarar og bruksfrekvens




Figur 7: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk? (Tal barn og tal vaksne) (N=153)

I samsvar med at fritidsbustaden blir brukt heile året, svarer 32,7% at fritidsbustaden blir brukt meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 49% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 19,6% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 15,7% som har med seg eit barn, 36.1% som har med 2 barn, og 10,2% som har med seg 3 barn i fritidsbustaden.



Figur 8: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 153)

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Auka kostnadar ser ikkje ut til å påverke den framtidige bruken til eigarar av fritidsbustad i Tokke kommune. 69,9% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 26,8% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

5 respondentar svara at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjer 3,3% av alle som svara på spørsmålet.






Foto: Visit Dalen




Figur 9: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida?
(N =153)

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire blir pensjonistar og har betre tid til å opphalde seg der. 68,3% oppgjev pensjonisttilvære som årsak til auka bruk. 26,8% har ein fleksibel arbeidssituasjon som legg til rette for heimekontor og bidreg til fleire og lengre opphold i fritidsbustaden. 17,1% oppgjev at betre standard på hytta er årsaka til auka bruk av fritidsbustaden i framtida.



Figur 10: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida? (Fleirval) (N = 41)



Figur 11: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida? (Fleirval) (N = 5)



5. Utleige av fritidsbustaden




5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustader kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Det finst også lokale utleigefirma i Vest-Telemark, men det er det ingen lokale utleigefirma i Tokke kommune.

I Tokke kommune er det 8 av dei 148 som svara på spørsmålet som leiger ut fritidsbustaden sin heile eller delar av året.


Av 137 svar kan 108 respondentar (78,8%) ikkje tenkje seg å leige ut uavhengig av inntekt.



Figur 12 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=148)



Figur 13 Kan du tenke deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leieinntekt på: (N=137)



Figur 14 På kva måte leiger du ut fritidsbustaden din? (N=8)



6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod



6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Tokke kommune


Det er naturen og turområda i Tokke kommune, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i Tokke kommune. Det oppgjev 91-93% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (67,6%).

49,6% meiner at skianlegget er ei ganske eller svært relevant årsak for å eige fritidsbustad i Tokke kommune.

41,7% meiner at aktivitetstilbodet i Tokke kommune er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i området.

Det å ha vene(r) eller slekt/røter i området er ei ganske eller svært lite relevant årsak til å eige fritidsbustad i Tokke kommune svarer høvesvis 43,5% og 48,95 av respondentane.

63,2% svarer at det er ganske lite eller svært lite relevant at dei har overteke/arva fritidsbustad i Tokke kommune



Figur 15 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Tokke kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=152)

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Tokke kommune?

«Hallbjønnsekken er en lite kjent perle. Fantastisk natur både vinter og sommer.»

«Flott natur. Hyggelige folk. Høyfjellsenter med god mat og vertskap i særklasse.»

«Strømprisen gjør at jeg kan vær lenger på hytta og dermed handle og bruke kommunens tilbud mer.»

«Spesielt Skafsåheia Løypelag.»

«Det var naturen som trakk meg til området, men etter som jeg har blitt kjent ned området og folkene der så har jeg blitt veldig mye mer glad i Tokke og alt Tokke har å by på.»

«Variert terreng. Rolig område. Snøsikkert og flotte skiløyper.»

«Nærmere og billigere å kjøpe enn Hovden. Hyttefeltet er ikke like fortøtt som Hovden.»

«Flott natur, mange kulturelle tilbod. Mogeleg å få ei hytte til ein rimeleg pris. Positiv kommune og ansatte.»

«Vi har kjøpt hytta av svigerforeldre. Med dagen strømpriser i Tokke har vi anledning til å bruke og beholde hytta!»

«Er en ivrig fisker og det er mange fine vann i nærområdene. Flott utgangspunkt for turer til andre steder i Telemark.»



Foto: Visit Dalen



Figur 16: Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Tokke kommune? (N = 51)

6.2 Motivasjon for å bruke fritidsbustaden


Av dei 152 svara på spørsmål om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 93,4% at hovudårsaka er å nyt roa. Av dei meiner 69,1% svarer at det er *svært viktig* å nytte roa.

92,8% meiner det er ganske eller svært viktig å vere aktiv i naturen på sommaren.

83,4% meiner det er ganske eller svært viktig å vere aktiv i naturen på vinteren.

88,0% svarar at det er svært eller ganske viktig å vere saman med familie og vener.

60,9% svarer at organiserte aktivitetar er ei ganske lite eller svært lite viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt.



Figur 17: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=152) (Fleirval)

6.3 Aktivitetar og opplevingar

Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Tokke kommune er å vere i naturen. 80,9% meiner det er ein svært viktig aktivitet. 18,4% meiner det er ganske viktig.


Vandreturar på eiga hand er ganske eller svært viktig for 87,5% av respondentane.

77,9% svarer at langrenn er ein ganske eller svært viktig aktivitet når dei er i fritidsbustaden sin.

60,4% svarer at fiske er ein ganske eller svært viktig aktivitet når dei er i fritidsbustaden sin.




Foto: Skafsåheia Løypelag



Figur 18: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Tokke kommune?
5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=152)



Foto: Visit Dalen



Figur 19: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbod i Tokke kommune (N = 135)

6.3 Aktivitetar og opplevingar

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbod blir nytta i Tokke kommune svarer 47,7% at betre informasjon er ein viktig faktor. 32,9% meiner at tilboda kunne vore betre. 10,1% svarer «enklare transport».

Dei som har svara «Anna», presiserer:

«Merka turstiar på UT app om sommeren. Veldig lite informasjon om moglegheitar på Hallbjønnsekken for dei som ikkje er kjende. Kjempeområde både sommar og vinter som kommunen burde reklamere meir for.»

«Bedre lademuligheter for el-bil.»

«Mistet litt lysten til å benytte lokale tilbud etter behandlingen vi fikk under pandemien.»

«Bra nok, treng ikkje meir.»

«Kanskje flere guidet dagsturer.»




7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde



Foto: Astrid Brockhus

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 20: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Tokke kommune? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikke relevant (N = 153)

På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:

- 80,4% at dei er ganske/svært nøgd med avstand til avfallsorteringspunkt.
- 56,2% er ganske/svært nøgd med moglegheit for kjeldesortering i fritidsbustaden.
- 53,9% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast/sorterast.
- 50,7% er ganske/svært nøgde med skilting, informasjonstavler og tilrettelegging av vandreruter.
- 50,3% er ganske/svært nøgd breiband-, fiber- og mobildekning.
- På dei resterande spørsmåla svarer meir enn 60% at dei er nøytrale til spørsmålet eller at det ikkje er relevant i deira tilfelle.

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet


På spørsmål om kor einig eller ueinig respondenten er til påstandar knytt til si oppleving av lokalsamfunnet, kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema. Kvart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv.


7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 21: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 153)

7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- 64,7% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 8,5% er ganske eller svært ueinige.
- 79,7% er svært eller ganske einige i at lokalbefolkinga er positive til fritidsinnbyggjarane. 3,6% er ganske eller svært ueinige i det.




Figur 22: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggja til rette for oss fritidsinnbyggjarar.
(N=153)




Figur 23: Eg opplever at befolkninga i Tokke kommune er positive til oss fritidsinnbyggjarar
(N =153)



Figur 24: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Tokke kommune er serviceinnstilte, imøtekommande og har god lokal kunnskap. (N=153)



Figur 25: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=153)



Figur 26: Eg er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=151)

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 64,7% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Tokke kommune er serviceinnstilte.
- 37,3% er svært eller ganske einige i at der viktig at bedriften nyttar miljøsertifiserte.
- 64,3% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur

- 35,9% er nøytrale til om dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 33,4% er ganske/svært *einige* i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 21,6% er ganske/svært *ueinige*.




Foto: Per Erik Sjuve




Figur 27: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=153)

7.2.4 Omfang av fritidsbustader

- 37,9% er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Tokke kommune.
- 41,9% er svært eller ganske *ueinig* i at det er for mange fritidsbustader i kommunen.
- 26,1% er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda.
- 51,6% er svært eller ganske *einige* i at det bør stillast strengare krav.



Figur 28: Eg tykjer det er for mange fritidsbustader i Tokke kommune (N=153)



Figur 29: Det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N = 153)



8. Innkjøp i lokalsamfunnet



Foto: Visit Dalen


8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?


Ved lengre opphold svarer 71% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.

Ved helgeopphold svarer:

- 44% handlar heime før dei reiser
- 27% handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 27% handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg



Figur 30: Ved lengre opphold (N = 153)




Figur 31: Ved helgeopphold (N = 153)



9. Berekraft på reisemålet





Figur 32: I kva grad er du einig i utsegna: Tokke kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolking (N = 152)

9.1. Tokke kommune som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Tokke kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolking?


- 45% svarer at dei er svært einig i utsegna.
- 39% svarer at dei er litt einig i utsegna.
- 15% er nøytrale til utsegna.
- 1% er svært ueinige i utsegna.

9.2. Energisparing i fritidsbustaden


49,0% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjøre energisparande tiltak.

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (69,5%)
- Reduksjon av innetemperaturen (39,7%)
- 23,8% av respondentane har installert sparedusj og tilrettelagt for lading av el-bil.



Figur 33: Er du interessert i å gjøre energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak
(N = 153)




Figur 34: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 151)

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden


Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til fritidsbustaden var eit fleirvals-spørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 73,9% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 32,0% bruker elektrisk bil.

75,8% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden med kollektivtransport i Tokke kommune.

16,3% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnast transportløysingar som gjer at ein kjem frå fritidsbustaden og til butikken eller andre stader ein treng/ønskjer.



Figur 35: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=153)



Figur 36: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=153)



10. Den samla opplevinga av reisemålet




10.1. Den samla opplevinga av Tokke kommune som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Tokke kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 58% er svært ueinige i utsegna
- 29% er ganske ueinige i utsegna
- 4% er svært einige i utsegna
- 1% er ganske einige i utsegna




Figur 37 : I kva grad er du einig i utsegna: Tokke kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der. (N=153)

10.1. Den samla opplevinga av Tokke kommune som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Tokke kommune? Her er 49,7% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 43,1% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 7,2% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 38: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Tokke kommune som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd). (N=153)